

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FA - D11	15/252

Saknr	Utval	Type	Dato
079/2017	Kommunestyret	PS	11.12.2017

## Sluttrapport - Matre Idrettsanlegg

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Sluttrapport	30.11.2017
Særutskrift - møteutskrift den 29.11.2017, Kontrollutvalet Masfjorden kommune	05.12.2017
Innkjøpsprotokoll asfalt	10.04.2015
Innkjøpsprotokoll	05.12.2017
Erklæring	05.12.2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Sluttrapport for Matre idrettsanlegg vert tatt til orientering slik han ligg føre.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I økonomireglementet for Masfjorden kommune vedteke i Masfjorden kommunestyre 31.10.2012 som sak 097/12 § 18.16 under hovudoverskrifta Reglement for investeringsprosjekt står det:

Det skal utarbeidast sluttrekneskap som skal handsamast av kommunestyret. Sluttrekneskapen skal vere attestert av revisjon.

Sluttrekneskapen skal innehalda framlegg til vedtak med tanke på inndecking av overskriding eller å disponera eventuell overfinansiering. Sluttrekneskapen skal vera avslutta innan 31.12. i det år prosjektet er overlevert / ferdig.

#### Uttale

I Kontrollutvalet sak 36/17 den 29.11.17 vart det gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet har ikkje merknader til prosjektrekneskapen for «Matre idrettsbane og nærmiljøanlegg», men vil peika på revisor sine kommentarar i si melding.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner sluttrapport og prosjektrekneskap slik det

ligg føre.

Revisor sine kommentarar i revisjonsmeldinga:

Deler av kostnader i prosjektrekneskapen er ført i kommunerekneskapen. Resterande kostnader er ført i Bjørn West IL og Masfjorden Fotballag sin rekneskap. I kommunerekneskapen prosjekt 710 Nærmiljøanlegg, prosjekt 711 Friidrettsbane og prosjekt 712 Fleirbruksanlegg, er det også ført andre innkjøp som ikkje gjeld Matre Idrettsanlegg. Som fylgje av dette vil totalkostnad for prosjektet ikkje framgå av kommunerekneskapen.

Utgifter som er ført i rekneskapen til Bjørn West IL og Masfjorden Fotballag er ikkje atterster og tilvist av kommunen og heller ikkje omfatta av kommunen si anbodsinnhenting.

Vi har ikkje motteke avtale eller anna dokumentasjon som viser korleis anlegget er fordelt mellom kommunen og idrettslaget når det gjeld eigeedomsskatt, disposisjonsrett og driftsansvar. Dette har betydning for kommunen sin rett til mva kompensasjon samt om utgiftene skal førast som investering- eller driftsutgift i kommunerekneskapen. Førrebeles er utgiftene ført i investeringsrekneskapen og det er ført mva kompensasjon på kommunen sine innkjøp til prosjektet.

### **Vurdering**

For vurdering kring investeringsprosjektet - sjå sluttrapporten.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at sluttrapporten vert tatt til orientering slik han ligg føre.

## **Kommunestyret - 079/2017**

### **KS - behandling:**

John Torsvik stilte spørsmål om han var inhabil i saka sidan han var leiar i Masfjord Fotball. Det vart samrøystes vedteke at Torsvik var habil.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Sluttrapport for Matre idrettsanlegg vert tatt til orientering slik han ligg føre.**